



Vikøy sokneråd

Postboks 39

5600 Norheimsund

REFERAT FRÅ SOKNERÅDSMØTE

tysdag 16.oktober 2018 kl. 18.00 i Norheimsund kyrkje

Frammøtte:

Ingvill Sørheim, Eimund Solsvik, Edmund Tolo, Gudrun Skeie Langeland, Odd Øygarden. Siri Moripen Øverland, Rebecca Opsahl-Engen og Arvid Strømme.

Roar Strømme og Kari Bente Valland Træbakken måtte gå tidleg.

Møtte ikkje: Astrid Helleve Fylkesnes

Sak 42/18 Godkjenning av innkalling og sakliste, - og referat frå møtet 28.august -18

Innkallinga vart godkjent utan merknader. Referat frå førre møte godkjent utan merknader

Sak 43/18 Orienteringar og nytt i kyrkjelyden

- Referat frå fellelrådsmøte 3. oktober
 - o Ingvill orienterte om prisnivå på stell av graver etc.. Der ligg soknet omtrent på gjennomsnitt.
 - o Kyrkjetenarstillinga er utlyst, og det er fleire søkjarar allereie
- Referat frå soknerådsleiarmøtet 3. oktober
 - o Dette gjeldt i hovudsak gudstenestelista.
 - o Det er kome inn nye varmpumper til erstatning for fyrkjelen som no svikta . Dette kom på om lag 300.000, men vert finansiert med vesentleg lågare energiutgifter.
- Oppdatert gudstenesteliste våren 2019, sjå vedlegg
 - o Ingvill delte ut liste for første halvår 2019
 - o Årsmøte forslag 24. mars
 - o Samtalegudstenesta manglar i oppsettet
 - o 16. juni Folketonemesse
- Orientering om diakonstilling (finansieringsplan)
 - o Vi får frå bispedømekontoret tilbod om lønsmidlar tilsvarande kvart stilling i tre år. Fellelrådet må skaffa resten til dekking av ei halv stilling.
- Legoklubben utsett til våren 2019 grunna hardt arbeidspress
- Songkveld med Heims 29.november. Val av komité?
 - o Dette tek Heim's Musikklag seg av
- Bøneteneste (Audun Aase) og sjelesorgsundervisning/åndeleg vegleing (retreat)
 - o Han har bode seg å driva rettleing, kurs, temakveldar ved ynskje
- Kyrkjeclubb 25. oktober
 - o Hildegunn Sandven og Gudrun Skeie Langeland driv denne.
- Kyrkjejubileet i Øystese
 - o Svært stor oppslutning og engasjement. Dette var eit godt arrangement.
- Det er aktuelt med påsketur til Nepal der Ingvill vidaresender info om ynskjeleg.
- Søndagsskulen arrangerer Hallo-venn arrangement, og soknerådet vil dekke eventuelt underskot.
- Rebecca Opsahl-Engen ber om fødsels-permisjon frå soknerådet frå Januar.

Sak 44/18 Eventuelt nytt altarbord i Nhs kyrkje

- Audun Storaas la fram saka og presenterte to utkast til utforming
 - o Det er eit problem ved at altertavla går heilt ned til golvet i kombinasjon med at alteret er veldig kompakt
 - o Det er gjerne på tide å gjera noko med dette, men dette må då gjerast slik at dette ikkje begrensar resten.
 - o Dette kan også resultere i endring av døypefont og preikestol og dermed er det også vanskeleg å begrensa økonomisk
 - o Skal ein få full effekt må ein ha bordet mest mogleg ope under, og altartekstilane må tenkjast på.
 - o Det er usikkert om det fins midlar til dette.
 - o Vi kan vurdere å be ein arkitekt koma med eit forslag til korleis dette kan løysast
- Ein idé kan heller vera å utgje eit hefte med symbolikken i altartavla som ein kan ha til utdeling til besøkjande og som kyrkjegjengarar har å sjå i. Gjerne på fleire språk.
- Vi har problem med å kunna prioritera dette ut frå den økonomien vi har og neste sokneråd bør i tilfelle sjå etter moglegheiter i seinare budsjett.

Sak 45/18 Evaluering

- Konfirmantpresentasjonen 2. september og oppstart med konfirmantane.
 - o Roar måtte gå tidleg. Dette må evaluerast seinare
- Gudstenesta med utdeling av bok til 4-åringane 16. september
 - o Kombinasjon 4- åringar og 50-års jubilarar var vanskeleg, kanskje mest for 4-åringane
- Nepal-møtet etter gudstenesta 23.september
 - o Om lag 40-50 personar deltok .

Sak 46/18 Diakoninemnd, val av medlem

- Ei nemnd under fellesrådet arbeider vidare med oppretting av diakonstilling.
- Soknerådet vel ein person i tillegg til Astrid til denne nemnda.
 - o Eimund kan gå inn i denne oppgåva
 - o Oppgåver er definert i diakoniplan, men denne må nok slankast
 - o «Restfinansiering» er også ei oppgåve for denne «komiteen».

Sak 47/18 Kveldsgudtenesta i Norheimsund kyrkje 11.november.

- Tema : «Sundag for dei forfølgde»
 - o Dette er eit opplegg gjennom Stefanusstiftinga

Sak 48/18 Nominasjonsnemnd for soknerådsvalet 2019

- Soknerådet er i realiteten valnemnd og gjev ut lista
 - o Nominasjonsnemnda bør vera på 3 personar og kan gjerne vera frå utsida av soknerådet
Utskrift frå medlemslista er eit godt hjelpemiddel
Forslag: Gudrun Skeie Langeland, spør Magne Kolstad og Jorunn Tonning Neteland evt Olaug Eide. Ved problem får dei mandat til å spørja andre.
 - o Det skal vera ei liste på minimum 13 namn

Sak 49/18 Eventuelt

Det var ikkje annonsert saker til møtet

Norheimsund 16.10.2018, referent Edmund Tolo